

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNINKALLING
03.03.2016

Kopi til: Ordføraren
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag 08.03.2016 kl. 16.00 på Skodje rådhus

SAKLISTE:

- « 05/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 20.01.2016
- « 06/16 - Reglement for kontrollutval, gjennomgang av forslag
- « 07/16 - Budsjett for kontrollutvalet
- « 08/16 - Avklare/fordele arbeidsoppgåver mellom medlemmane i kontrollutvalet
- « 09/16 - Møteplan
- « 10/16 - Status for arbeidsoppgåver frå førre valperiode
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@skiks.no.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 20.01.2016, kl. 16.00

Møtestad: Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Janne Gommesen, Inge Øye, Pål Aarsæther og varamedlem Arnstein Sæthre
Elise Marie Backlund Stavset hadde meldt forfall.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen
Frå kommunerevisjonen møtte revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Dag Olav Tennfjord

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart innmeldt eit tema under eventuelt og eit innlegg frå ordførar.

Det vart halde ein presentasjonsrunde.

SAK 01/16

OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR, ÅRSHJUL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 11.01.2016.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 02/16

KONTROLLUTVALSBOKA - SPØRRERUNDE

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Tidlegare leiar i kontrollutvalet blir invitert til neste møte for å orientere om arbeidet i kontrollutvalet i førre periode med størst vekt på 2015. I tillegg bør det leggast fram årsmelding for 2015.

SAK 03/16**PROSJEKTSKISSE – SAKSUTGREIING OG OPPFØLGING AV POLITISKE
VEDTAK I SKODJE KOMMUNE (FORVALTNINGSREVISJON)**

Saksdokument frå kontrollutvalgsekretariatet datert 11.01.2016.

Inge Øye fremma forslag om å sløyfe prosjektet. Ved votering fekk forslaget frå Inge Øye 1 stemme og 4 stemte for den framlagte innstillinga.

Kontrollutvalet sitt vedtak blir dermed slik:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektskissa for saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Skodje kommune.

SAK 04/16**DRØFTING AV ARBEIDSOPPGÅVER**

(Sak under eventuelt)

Ulike tema vart drøfta. Eit av desse var arbeidsfordelinga mellom medlemmane i kontrollutvalet som blir å komme tilbake til. Andre tema var historikk i kontrollutvalet og interkommunale selskap.

Til slutt held ordførar eit innlegg. Innlegget omhandla forventningar til kontrollutvalet. Han orienterte også om kursing og reglement for kontrollutvalet som kommunen arbeider med.

Ordførar kom også inn på forventa omfang av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Han ønska også å få kjennskap til fullmakter gitt av Skodje kommune til sitt medlem i representantskapet for Sunnmøre Kontrollutvalgsekretariat IKS.

Vidare ønska han å få tilsendt selskapsavtale og rekneskap 2014 for Sunnmøre Kontrollutvalgsekretariat IKS. Han spurte også om praksis på oversending av dokument frå Sunnmøre Kontrollutvalgsekretariat IKS til Skodje kommune.

Dagleg leiar opplyste at rekneskapen for 2014 ligg på kontrollutvalgsekretariatet si heimesida og at det er eigne rutinar for utsending av dokument.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Janne Gommesen
medlem
(sign.)

Inge Øye
medlem
(sign.)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)

Arnstein Sæthre
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 03.03.2016

**SAK 06/16
REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET**

Kontrollutvalsekretariatet har fått oversendt utkast til reglement for Skodje kontrollutval utarbeidd av Ad-hocgruppa (sjå vedlegg). Eg rår til at reglementet blir gjennomgått i møtet og at sekretariatet får i oppgåve å bearbeide dette til eit komande møte.

Harald Rogne
dagleg leiar

Retningslinjer for kontrollutvalget i Skodje kommune

(jf.i Kommuneloven § 77 og Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner)

§ 1 Føremål

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige kontroll- og tilsynsorgan.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Skodje kommune, og at kommunen leverer sine tenester på ein effektiv og målretta måte i samsvar med lov, forskrifter, statlige føringar og i tråd med kommunestyrets intensjonar og vedtak.

Kontrollutvalet er ikkje eit ordinært politisk organ som skal gjere vedtak om forvaltninga si drift, det skal heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er teke av kommunen sine folkevalde organ

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og kan dermed ikkje handsame klager på enkeltsaker eller enkeltvedtak. Kommunen har eigne klageorgan som handsamar slike saker. I Skodje kommune er dette formannskapet.

Kontrollutvalet kan på eige initiativ, eller på oppmading frå andre, vurdere om kommunen sine eigne retningsliner og sentrale lover/ forskrifter vert følgd av forvaltninga

§ 2 Rammer for kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Skodje kommune består av 5 medlemmer. Minst eitt av utvalet sine medlemmar skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer. Leiaren bør veljast frå eitt av dei partia som ikkje utgjer fleirtalskonstellasjonen i kommunestyret.

- Funksjonstida til utvalet føljer valperioden
- Kommunestyret kan når som helst gjennomføre nyval av medlemmer til utvalet
- Ved utskifting av eit eller fleire medlemmer av utvalet skal det haldast nyval av heile utvalet
Det er ikkje eit krav at alle medlemmer skal skiftast ut
- Kontrollutvalet fremtar eige forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsverksemd i Skodje kommune til kommunestyret
- Kontrollutvalet treff sine vedtak i møte, og det vert ført protokoll frå møta
- Møteinnkalling, med sakliste og sakspapir vert sendt til medlemmer og varamedlemmer i utvalet, ordføraren, rådmannen, revisor, og kontrollutvalet si heimeside seinast 7 dagar før møtet
- Ordfører har møte- og talerett i kontrollutvalet
- Møteprotokoll skal sendast til medlemmer og varamedlemmer i utvalet, ordførar, rådmannen, revisor, og kontrollutvalet si heimeside, så snart den ligg føre
- Til å hjelpe seg i arbeidet har kontrollutvalet eit uavhengig og sakkyndig sekretariat som førebur sakshandsaminga i utvalet, ivaretak sekretariatsfunksjonen i utvalet sine møter og følg opp saker på vegne av utvalet
- Kontrollutvalet sine møter skal haldast i Skodje kommune

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommuneloven, men kommunestyret kan be utvalet utføre særskilde tilsynsoppgåver.

Kontrollutvalet sine hovedoppgåver er :

- å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunen
- sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal legge opp til ei revisjonsordning som er tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov, behovet for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eiga organisering og internkontroll.

Kontrollutvalet skal sørge for at følgjande oppgåver blir utført:

- a) Rekneskapsrevisjon
- b) Forvaltningsrevisjon
- c) Selskapskontroll

a) Rekneskapsrevisjon omfattar bestilling av rekneskapsrevisjon frå revisor og å sørge for at rekneskapet vert revidert på en kvalitetssikra måte, gje uttale om kommunens årsrekneskap og å sjå til at revisors- og kommunestyret sine merknader til årsrekneskap blir følt opp.

b) Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Basert på ein overordna analyse av kommunen si verksemd skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon som identifiserer behovet for og prioriterer forvaltningsrevisjonsarbeidet i kommunen. Utvalet skal bestille og følge opp forvaltningsrevisjon hos revisor. Kontrollutvalet rapporterer resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.

c) Selskapskontroll inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider ein plan for gjennomføring av selskapskontroll og bestiller selskapskontroller i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomført selskapskontroll.

Kontrollutvalet skal vere bevisst sitt ansvar knytt til utøving av mynde. Kontrollutvalet utarbeider eigne retningslinjer for gjennomføring av gransking og høyring. Desse skal inkluderast i reglementet.

§ 4 Samarbeid og samspel

- Rådmannen og kontrollutvalet har eit felles ansvar for å leggje til rette for ein god dialog og eit godt samspel
- Kontrollutvalet utøver sitt tilsyn og sin innsynsrett som kollegium og ikkje som enkeltmedlemmer
- Kontrollutvalet skal halde seg orientert om den administrative og politiske verksemda i Skodje kommune
- Leiaren i kontrollutvalet bør ha minst to samarbeidsmøte i året med ordføraren
- Kontrollutvalet skal arbeide for god rapportering og dialog med kommunestyret
- Gjennom sitt arbeid skal utvalet legge vekt på samarbeid og opptre på ein uavhengig og politisk nøytral måte
- Kontrollutvalet vil særleg legge vekt på å følgje opp kommunen sine system for avgjersler, rutiner og organisasjonen si eiga kvalitetssikring
- Gjennom ein aktiv og synleg arbeidsmåte skal kontrollutvalet bidra til at feil vert førebygd. I den grad slike forhold ligg føre skal utvalet påpeike dette
- For å utøve kontrollfunksjonen effektivt er kontrollutvalet avhengig av eit godt samarbeid med administrasjonen

Moment og tilhøve som må vurderast for å sikre utvalet sitt samspel med andre relevante aktørar:

- Rådmannen har ikkje møterett i kontrollutvalet, men bør kallast inn til møter for å utvikle kommunikasjon og tillit
- Andre leiarar og sakshandsamarar bør med jamne mellomrom kallast inn for samtalar for å utvikle kommunikasjon og tillit
- Det må søkast å nytte løysingsorienterte samspelsformer basert på dialog mellom revisjon, ordførar, rådmann, andre leiarar og kontrollutval

§ 5 Informasjon og rapportering

Som eit ledd i sitt førebyggjande arbeid skal kontrollutvalet prioritere rettleiing og informasjon.

Utvalet skal legge vekt på å være løysningsorientert og bidra til læring i organisasjonen.

Kontrollutvalet skal ha ein aktiv og nær dialog med kommunestyret som kommunen sitt øvste tilsynsorgan, og vil fremme aktuelle saker og rapportere til kommunestyret ved behov.

- Kontrollutvalet skal seinaste innan utgangen av året etter konstituering presentere ein plan for arbeidet til utvalet.
- Kontrollutvalet skal årleg presentere ein handlingsplan for arbeidet til utvalet for kommunestyret.
- Det skal som hovudregel bli gitt innstilling til kommunestyret, men enkelte saker kan sendast til kommunestyret som orientering. Før ei sak vert rapportert til kommunestyret skal rådmannen ha høve til uttale.
- Årsrapport om arbeidet i utvalet skal leggjast fram for kommunestyret, med rapportering om oppfølging av merknadar og rapportar.

- Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret om utvalet si verksemd gjennom uttale til årsrekneskapen, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om gjennomført selskapskontroll.
- Leiar og/eller nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret ved behandlinga av saker der utvalet har innstilt til kommunestyret. Leiar og/eller nestleiar skal vere tilstade i kommunestyret under behandling av saker handsama av kontrollutvalet.

§ 6. Generelle uttalar og tilhøve til ålmenta og media

Møta i Kontrollutvalet er opne. Saklister og saksdokument skal vere tilgjengelege for ålmenta.

Kontrollutvalet skal vedta å lukke møtet:

- Når det ligg føre lovbestemt teieplikt
- Når det skal handsamast ei sak som omhandlar ein arbeidstakar sitt tenestlege forhold

Kontrollutvalet kan vedta å lukke møtet:

- Når omsynet til personvern krev det
- Når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier det, og det vil komme fram opplysningar i møtet som kunne vore unntatt offentleg innsyn etter lov 19. mai 2006, nr. 16 (offentleglova) dersom dei hadde stått i eit dokument

Saker som blir handsama i lukka møte er underlagt teieplikt.

Prinsippet for utvalet må vere varsemd ved uttalar til media i høve enkeltsaker som ikkje er grundig handsama. Ingen form for «synsing» kan aksepterast, då dette kan medføre at tilliten til kontrollutvalet si sakshandsaming blir svekka. Kontrollutvalet skal etter beste evne avdekke fakta og offentleggjere dette.

Det er viktig at omverda har tillit til kommunen og at dei får mulegheit til å sette seg inn i kva som går føre seg, og sjølv ta standpunkt til om alt er i orden. Alle som vender seg skriftlege til utvalet skal få svar. Kontrollutvalet sin leiar tek vare på kontakt med media.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 03.03.2016

**SAK 07/16
VEDKOMANDE BUDSJETT 2016 OG 2017 SKODJE KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapene sine budsjett blir vedteke av selskapene sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne sakene berre omfatte Skodje kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Skodje kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nytenn av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

Når det gjeld 2016, er budsjettet for Skodje kommune ferdigbehandla. Kontrollutvalkonferansen vart avvikla i begynnelsen av februar i år og Skodje kommune hadde ein representant der.

Skodje kommunestyre vedtek slik som dei fleste kommunar budsjettet sitt på rammenivå. I spesifikasjonane til budsjetta brukar vere avsett midlar til folkevaldopplæring. Det er grunn til å tro at det her også ligg opplæringsmidlar til kontrollutvalet.

Dersom det i 2016 melder seg behov for påmelding til kurs, bør storleiken på avsette opplæringsmidlar bli undersøkt. Er det for lite midlar avsett for i år, bør det bli vurdert å søkje om ei tilleggsloyving.

I tillegg bør det bli innarbeidd budsjettmidlar for 2017.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet for 2017 blir sett til kr 40.000,00.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 03.03.2016

**SAK 08/16
AVKLARE/FORDELE ARBEIDSOPPGÅVER MELLOM MEDLEMMANE I
KONTROLLUTVALET**

I førre møte vart det drøfta ulike tema som var aktuelle å arbeide med. Det arbeidet som kanskje eignar seg best til å dele er gjennomgang av møtebøker.

Dei aktuelle politiske organa er kommunestyret, formannskapet, planutvalet og administrasjonsutvalet.

Det blir ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogné
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 03.03.2016

**SAK 10/16
STATUS FOR ARBEIDSOPPGÅVER FRÅ FØRRE VALPERIODE**

Nedanfor blir det gitt ein statusrapport først og fremst knytt til gjennomføring av planlagde oppgåver innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i Skodje kommune i planperioden 2012-2016.

I 2012 vart det gjennomført ein omfattande forvaltningsrevisjon om evaluering av den interne kontrollen i Skodje kommune. Kommunerevisjonen og kontrollutvalet har i perioden brukt tid på oppfølging av denne. I kontrollutvalet sitt møte 20.01.2016, vart prosjekt knytt til kvalitet saksutgreiing/oppfølging av politiske vedtak prioritert. Dette blir gjennomført i løpet av 2016.

I tilknyting til kommunerekneskapen 2012, hadde kommunerevisjonen ein gjennomgang av finansforvaltninga i Skodje kommune. Dette medførte ein omfattande gjennomgang, der konklusjonen var at finansforvaltninga i Skodje kommune ikkje var i samsvar med reglementet for finansforvaltning.

Innan selskapskontroll, er det starta opp ein gjennomgang av ÅRIM IKS. Tidlegare er det gjennomført ein gjennomgang av Ørskog Energi AS. Ei eventuell oppfølging av denne, vil skje i regi av Ørskog kontrollutval i tilknyting til plan for selskapskontroll for perioden 2016-2019 for Ørskog kommune.

Andre saker, mellom anna ei sak om melding til barnevernet er avslutta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar